

Første tap for smågutelaget

24.05.2007

Smågutelaget til Rosendal/Uskedal, som i år har fått draktsett av Byggeriet Uskedal, har hatt ei svært god innleiing på sesongen. Etter å ha vunne dei tre første seriekampane, møtte dei onsdag Odda på bortebane. I denne kampen viste heimelaget seg for sterke, og dermed vart gutane påført det første tapet denne sesongen. Sluttresultatet vart 1-5 etter scoring ved Sindre Omvik.



Også dette laget har eit stort innslag av uskedelingar. I kampen i Odda var 5 av dei med. Karsten Tungesvik, Benjamin Taranger, Dag Rune Myklebust, Thomas Halvorsen og Tobjørn Steinsvik spela alle kampen i Odda. Vegard Døssland høyrer og til på laget, men han er for tida langtidsskadd.

Høgdepunktet denne sesongen vert nok deltaking i Norway Cup i slutten av juli.